



# NOREGS HØGSTERETT

Den 29. januar 2016 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Kallerud og Arntzen i

**HR-2016-00223-U, (sak nr. 2016/68), straffesak, anke over kjennelse:**

Den offentlege påtalemakta

mot

A

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld mellombels tilbakekall av førarrett og beslag etter vegtrafikklova § 33 nr. 3.
- (2) A, fødd 00.00.1965, er sikta for brot på vegtrafikklova § 31 første ledd jf. andre ledd jf. tredje ledd jf. fjerde ledd jf. § 22 første ledd.
- (3) Grunnlaget er at ho 30. oktober 2015 kørde bil trass i at ho var påverka av alkohol og/eller andre stoff.
- (4) Politiet bad ved påskrift 11. november 2015 om rettens orskurd for mellombels tilbakekall av førarretten og for førarkortbeslag, jf. vegtrafikklova § 33 nr. 3.
- (5) Follo tingrett gav orskurd 4. desember 2015 med slik slutning:  
**"Politiet kan midlertidig tilbakekalle førerretten og holde førerkortet til A, født 00.00.1965, beslaglagt inntil saken mot henne er endelig avgjort, men ikke ut over 4. juni 2016."**
- (6) A anka til Borgarting lagmannsrett, som reduserte tida for tilbakekallet og for førarkortbeslaget. Orskurden av 8. januar 2016 har slik slutning:

**"Politiet kan midlertidig tilbakekalle førerretten og holde førerkortet til A, født 00.00.1965,**

**beslaglagt inntil saken mot henne er endelig avgjort, men ikke ut over 1. mars 2016."**

- (7) *Påtalemakta* har anka vidare til Høgsterett. Anken gjeld lovbruken hos lagmannsretten.
- (8) *Høgsteretts ankeutval* viser til at kompetansen for utvalet i ein vidare anke er avgrensa til å gjelde saksbehandling og lovtolking hos lagmannsretten, jf. straffeprosesslova § 388.
- (9) Det vart teke blodprøve av A som viste ein alkoholkonsentrasjon i blodet på 1,69 promille. Lagmannsretten viste til den protokollerte forklaringa hennar i tingretten, der ho uttala at ho drakk medan ho var ute og køyrde, og at ho ikkje hadde drukke før ho sette seg i bilen. A vart pågripen av politiet etter at ho hadde stoppa på ein bensinstasjon for å gå på toalettet. Det heiter så i orskurden frå lagmannsretten:
- "Det fremgår av politibetjent Syversens utrykningsrapport 3. november 2015 at han 30. oktober 2015 ca kl 14.50 fikk melding om bilen som det senere viste seg at A var fører av. Da Syversen kom til Shell på X, hadde A allerede parkert og gått inn på bensinstasjonen. Blodprøve ble tatt av henne først kl 16.30. Hvis det ikke kan utelukkes at As forklaring for tingretten er riktig, kan det neppe ses bort fra at muligheten for at alkoholpåvirkningen var (betydelig) lavere under kjøringen enn da blodprøven ble tatt."**
- (10) Reglane om tap av mellombels tilbakekalling av førarrett og om beslag av førarkort må sjåast i samanheng med det straffesanksjonerte forbodet mot ruskøyring i vegtrafikklova. Forbodet rettar seg mot det å ha ein større alkoholkonsentrasjon i blodet enn 0,2 promille "eller en alkoholmengde i kroppen som kan føre til så stor alkoholkonsentrasjon i blodet", jf. vegtrafikklova § 22 andre ledd. Det er ikkje tvilsamt at dette er avgjerande for kriminaliseringa av handlinga, og at det ikkje åleine er avgjerande kva den faktiske promillen var under køyringa, jf. Rt. 1973 side 921 og Rt. 2002 side 1348.
- (11) I straffebodet i vegtrafikklova § 31 andre ledd, som rammar brot på forbodet i § 22 første ledd, er handlinga omtala som "alkoholkonsentrasjon i blodet". "Alkoholmengde i kroppen" er ikkje nemnt som alternativ. I Rt. 2002 side 1348 kom Høgsterett til at "alternativet 'alkoholkonsentrasjon i blodet' i § 31 annet ledd må leses slik at det også omfatter tilfeller hvor alkoholmengden i kroppen er så stor at den kan føre til en slik alkoholkonsentrasjon i blodet som bestemmelsen angir". Formuleringa i § 31 andre ledd måtte forståast som "en kortfattet henvisning" til påverknadskriteria i § 22.
- (12) Saka no gjeld tilbakekalling av førarretten og beslag av førarkort. I tapsforskrifta § 3-2 nr. 2 siste punktum heiter det:
- "Ved alkoholkonsentrasjon i blodet over 1,2 promille eller over 0,6 milligram per liter luft i utåndingsluften skal tap av førerretten fastsettes til minst 2 år."**
- (13) Ut frå forståinga av vegtrafikklova § 31 og ut frå omsynet til samanhengen i systemet, legg utvalet til grunn at det også her er tale om ei kortfatta tilvising til påverknadskriteria i vegtrafikklova § 22 andre ledd.
- (14) Lagmannsretten har då bygd på feil forståing av tapsforskrifta, og lagmannsrettens orskurd må opphevast.
- (15) Etter dette går utvalet ikkje inn på det som elles er gjort gjeldande i saka.
- (16) Orskurden er samrøystes.

SLUTNING :

Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.

Knut H. Kallerud  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Wenche Elizabeth Arntzen  
(sign.)

Riktig utskrift: